

Personvernerklæring

Kvito AS sikrar alle personopplysningar som blir behandla hos oss ved både fysisk og virtuell tilgjengelegheitskontroll.

Jobbsøkarar og andre deltakarar i våre primærtjenester

Deltakarar innsøkte frå NAV

Når du er tilslutta eit arbeidsretta tiltak (AFT, Avklaring, Oppfølging, VTA) hos Kvito As, må vi behandle personopplysningar om deg.

Sidan det er Nav som har søkt deg inn i tiltaket, og dermed bestemt føremålet for behandlinga av personopplysningar, er det NAV som er behandlingsansvarleg, og dei har rettsleg grunnlag for det gjennom «Forskrift om arbeidsretta tiltak». Alle spørsmål kring kva som blir registrert, innsyn, utlevering eller sletting av opplysningar, skal du rette til NAV.

Kvito As har ei databehandlaravtale med NAV, som mellom anna garanterer at dine personopplysningar hos Kvito AS blir sletta innan 12 veker etter at du har slutta i tiltaket.

Dei opplysningane vi registrerer om deg, blir lagra i elektroniske og fysiske mapper hos oss og er berre tilgjengelege for dei som har bruk for dei til å gjera ein best mogleg jobb for deg.

Deltakarar innsøkte frå kommune eller fylkeskommune

Når du er tilslutta eit tiltak hos Kvito As, må vi behandle personopplysningar om deg.

Sidan det er kommune eller fylkeskommune som har søkt deg inn i tiltaket, og dermed bestemt føremålet for behandlinga av personopplysningar, er det dei som er behandlingsansvarleg og har det rettslege grunnlaget for behandlinga.

Alle spørsmål kring kva som blir registrert, innsyn, utlevering eller sletting av opplysningar, skal du rette til den som har søkt deg inn hos oss.

Dei personopplysningane vi registrerer om deg, blir lagra i elektroniske og fysiske mapper hos oss og er berre tilgjengelege for dei som har bruk for dei til å gjera ein best mogleg jobb for deg. Opplysningane blir sletta innan 12 veker etter at du har slutta i tiltaket.



Tilsette

Vi behandlar personopplysningar om våre tilsette for å administrere vårt personale, for å organisere verksemda vår og å overhalde lovkrav.

Grunnlaget for behandlinga er vår grunngitte interesse som fylgje av at vi er arbeidsgjevar. Vi behandlar opplysningar også fordi vi er rettsleg forplikta til det, for eksempel til å utlevere og lagre opplysningar etter bokføringslova, skatteforvaltningslova og a-opplysningslova. Nokre opplysningar må vi behandle for å oppfylle pliktene vi har i avtalen med dei tilsette.

Vi behandlar følgjande opplysningar:

Namn

Fødselsnummer

Adresse

Telefonnummer

Epost

Bankkonto

Løns- og trekkopplysningar

Opplysningar om utdanning og arbeidserfaring (frå CV)

Andre relevante opplysningar som følgjer under tilsettingsforholdet, som for eksempel helseforhold ved eventuell sjukefråversoppfølging/tilrettelegging.

Det er den tilsette sjølv som gir oss opplysningane.

Opplysningane blir lagra hos oss i elektroniske og fysiske personalmapper, og er berre tilgjengelege for personalansvarleg og dagleg leiar. Opplysningar om namn og kontaktdetaljar er tilgjengeleg for andre tilsette. Vi lagrar opplysningar så lenge tilsettinga varar.

Tidlegare tilsette

Vi behandlar personopplysningar om tidlegare tilsette for å kunne dokumentere at vi etterlever våre plikter som arbeidsgjevar, dersom det skulle bli nødvendig. Opplysningar om tidlegare tilsette vil også gå fram av avtaler, korrespondanse og annan dokumentasjon vi lagrar og bruker som del av verksemda vår.

Grunnlaget for behandlinga er vår grunngitte interesse i å dokumentere vår saksbehandling som arbeidsgjevar. Vi behandlar opplysningar også fordi vi er rettsleg forplikta til det, for eksempel til å utlevere og lagre opplysningar etter bokføringslova, skatteforvaltningslova og a-opplysningslova.

Vi behandlar følgjande opplysningar:

Namn

Fødselsnummer

Adresse

Telefonnummer

Epost



Bankkonto

Løns- og trekkopplysningar

Opplysningar om utdanning og arbeidserfaring (frå CV)

Det er den tilsette sjølv som gir oss opplysningane.

Opplysningane blir lagra i elektroniske og fysiske personalmapper hos oss, og er berre tilgjengelege for personalansvarleg og dagleg leiar. Vi lagrar opplysningar om personalforhold opp til to år etter at tilsettingsforholdet tok slutt. Opplysningar om at ein person har jobba hos oss, og kor lenge, lagrar vi på ubestemt tid.

Rekruttering

Vi behandlar personopplysningar om deg som søker jobb hos oss, for å vurdere om du høver til den jobben du har søkt på.

Grunnlaget for behandlinga er vår grunngitte interesse i å tilsette og å kunne dokumentere vår saksbehandling i tilsettingsprosessen. Det er friviljug å gi oss opplysningar. Dei opplysningane du vel å gi oss, vil vera avgjerande for vår vurdering av søknaden.

Vi behandlar følgjande opplysningar:

Namn

Adresse

Telefonnummer

Epost

Fødselsnummer og andre opplysningar som du gir i søknad, CV og eventuelt intervju.

Opplysningane blir lagra i elektroniske og fysiske mapper hos oss, og er berre tilgjengelege for dei som er med på avgjerd om tilsettinga. Vi lagrar opplysningar opp til 6 månader etter at tilsettingsprosessen er avslutta.

Som sjølvstendig aksjeselskap er vi unntekne frå ofentlegheitslova, og har derfor ikkje plikt til å utlevere søkarlister til tredjepart.

Kontaktpersonar hos eksisterande og potensielle kundar

Vi behandlar opplysningar om kontaktpersonar hos våre kundar for marknadsføring, sal, administrasjon, dokumentasjon og oppfølging.

Grunnlaget for behandlinga er vår grunngitte interesse, det vil seia vårt behov for å selje varer og tenester. Vi lagrar og utleverer opplysningar også der vi har ei rettsleg plikt til det, for eksempel etter bokføringslova og skatteforvaltningslova.

Det er friviljug for kontaktpersonar å gi oss kontaktopplysningar, men av og til er det ein føresetnad å ha dei opplysningane vi treng for å inngå avtale.



Vi behandlar følgjande opplysningar:

Namn

Telefonnummer

Epost

Opplysningane blir lagra i fysisk og elektronisk register, og er berre tilgjengelege for dei som har tenestemessig behov for det.

Vi kan lagre opplysningar så lenge vi meiner det kan bli bruk for dei, for eksempel for å dokumentere forhold rundt sal.

Kontaktpersonar hos eksisterande og potensielle leverandørar

Vi behandlar personopplysningar om kontaktpersonar hos våre leverandørar for planlegging, administrasjon, dokumentasjon og oppfølging.

Grunnlaget for behandlinga er vår grunngitte interesse i behovet for å kjøpe varer og tenester. Vi lagrar og utleverer opplysningar også der vi har ei rettsleg plikt til det, for eksempel etter bokføringslova og skatteforvaltningslova.

Det er friviljug for kontaktpersonar å gi oss kontaktopplysningar, men av og til er det ein føresetnad å ha dei opplysningane vi treng for å inngå avtale.

Vi behandlar følgjande opplysningar:

Namn

Telefonnummer

Epost

Opplysningane blir lagra i fysisk og elektronisk register, og er berre tilgjengelege for dei som har tenestemessig behov for det. Vi lagrar opplysningar så lenge vi meiner det kan bli bruk for dei, for eksempel for å dokumentere forhold rundt innkjøp.

Andre kontaktpersonar

Vi behandlar personopplysningar om kontaktpersonar hos NAV og andre samarbeidspartnarar som for eksempel psykisk helseteneste, bustadeiningar, bedrifter som vi samarbeider med om hospitering og jobbformidling for våre jobbsøkarar og så vidare.

Grunnlaget for behandlinga er vår grunngitte interesse i behovet for å kunne kommunisere direkte med enkeltpersonar hos samarbeidspartnarane for å gjennomføre våre primæroppgåver på ein effektiv og god måte.

Det er friviljug for kontaktpersonar å gi oss kontaktopplysningar, men av og til er det ein føresetnad å ha dei opplysningane vi treng for å oppretthalde kommunikasjonen.



Vi behandlar følgjande opplysningar:

Namn

Telefonnummer

Epost

Opplysningane blir lagra i fysisk og elektronisk register, og er berre tilgjengelege for dei som har tenestemessig behov for det. Vi lagrar opplysningar så lenge vi meiner det kan bli bruk for dei.

Rettane til den registrerte

Personvernforordninga gir den vi behandlar personopplysningar om (den registrerte), rett til:

- Å motsette seg behandling
- Informasjon om kva vi behandlar, kor det skal lagrast/behandlast og kva for rutiner som gjeld for sletting.
- Sletting av personopplysningar
- Avgrensa behandling
- Protest mot behandling
- Dataportabilitet

Du kan lese meir om rettane dine på Datatilsynet sine nettsider:

<https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/den-registrertes-rettigheter/>

Behandlingsansvarleg og kontaktinformasjon

Behandlingsansvarleg er:

Kvito As v/dagleg leiar Svend H. Aanonsen , tlf. 35 60 73 13/993 83 430

Dalenvegen 28 3890 Vinje

Org.nr.: 971 172 207

Personvernombod i Kvito AS, som du kan kontakte om du vil ha informasjon om kva som er registrert, retting og sletting av opplysningar, er:

Åse Synøve Nesher, tlf.: 35 60 73 12/401 46 574

epost: aase.nesher@kvito.no

Du kan også kontakte oss på epost: post@kvito.no eller telefon 35 07 75 00